

## Lurer du på noko kan vi kontaktast på telefon:

Avdeling: 70 10 59 50  
Ekspedisjon: 70 10 59 45  
Avdelingssjukepleiar: 70 10 59 57



### Informasjon

# Hysteroskopi/TCR

# Hysteroskopi/TCR

## Informasjon

### Behandlinga

Hysteroskopi inneber at ein brukar eit lite tynt metallrør med kamera for å sjå inn i livmorhola. Det er ein liten operasjon der ein også kan fjerne mindre forandringar i livmora, til dømes polyppar eller muskelknutar (myom) og det vert då kalla TCR. Inngrepet vert utført i lokalbedøving eller spinalanestesi, i tillegg til at du får beroligande medikament.

Du møter til journalskriving dagen før operasjonen, og du må beregne ein del venting. Når du har blitt undersøkt av lege, fått informasjon og teke blodprøver, kan du reise heim ( sjå evt. opphald på pasienthotellet i hovudbrosjyra vår). Neste morgon møter du fastande frå midnatt, men du kan drikke litt vatn fram til kl.06.

Viss det er teke vevsprøve frå livmora di, vil du bli tilskriven av operatøren om svar på den mikroskopiske undersøkinga og evt. vidare oppfølging.

#### DETTE MÅ DU TA OMSYN TIL FØR OPERASJONEN:

Inngrepet kan ikkje utførast dersom du har menstruasjon. I så fall må du kontakte avdelinga for å få ny time.

Dersom du brukar blodtynnande medikament, som f.d. Albyl-E eller Marevan, må desse stoppast ei veke før inngrepet. Du må då ta kontakt med fastlegen din for å høyre om dette er greitt, eller om du må ha eit anna medikament i staden.

### Etter behandlinga

Du blir observert i gynekologisk avdeling etter behandlinga og vanlegvis kan du reise heim same ettermiddag / kveld.

Det er ikkje unormalt å ha ei sparsom blødning og litt menstruasjonsverk nokre dagar etter behandlinga. Du må unngå karbad, samleie og bruk av tampong i minst 2 veker etter inngrepet.

Du får sjukemelding i 2- 3 dagar. Det er ikkje vanleg med etterkontroll. Dersom plagene dine ikkje vert betre etter operasjonen, må du ta kontakt med den legen som har henvist deg til behandlinga.

